



Arkivnr: 2014/10030-1  
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                       | Saknr. | Møtedato   |
|-----------------------------|--------|------------|
| Opplærings- og helseutvalet |        | 11.02.2014 |
| Fylkesutvalet               |        | 19.02.2014 |

## Skulebruksplanen 2012-2025 – Forsert oppstart av utbygging ved Rubbestadnes vidaregåande skule i Bømlo kommune

### Samandrag

I Skulebruksplanen er det vedteke at Rubbestadnes og Bømlo vidaregåande skular skal slåast saman til ein skule. Den «nye» skulen skal vere lokalisert på Rubbestadneset. «Blåbygget» og internatbygget ved Rubbestadneset vert fasa ut og erstatta med eit nytt og betre tilrettelagt bygg som tek høgde for utvida elevtal og kapasitetsauke.

Bømlo kommune planlegg ny ungdomsskule i kommunen. Kommunen vende seg juni 2013 til Hordaland fylkeskommune med spørsmål om eventuell overtaking av skulebygget til Bømlo vidaregåande skule. I perioden juni til desember 2013 har det vore gjennomført førebuaende samtalar med kommunen om ei eventuell overtaking. Skulebygget er taksert av to takstmenn ein på vegner av Hordaland fylkeskommune og ein på vegner av Bømlo kommune.

I skulebruksplanen er det lagt til grunn at planlegging av utbygging på Rubbestadneset tek til i perioden etter 2017. Ei investering knytt til Rubbestadnes vidaregåande skule ligg difor ikkje i langtidsbudsjettet for 2014-2017. Eit eventuelt sal til Bømlo kommune vil krevje at utbygginga på Rubbestadneset vert prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging av den «nye» skulen må ta til hausten 2014.

Total kostnadsramme for nybygg og tilbygg på Rubbestadneset er om lag 220 mill. kr.

### Forslag til innstilling

1. Under føresetnad av at det vert semje om sal av Bømlo vidaregåande skule til Bømlo kommune vert utbygginga på Rubbestadneset prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging tek til hausten 2014. Målet er at ein ny skule skal stå klar hausten 2018.
2. Investeringsplanen for 2014-2017 vert styrka for å få rom for utbygginga på Rubbestadneset. Førebels tal syner at det er trong for om lag 220 mill kr til utbetring og nybygg på Rubbestadneset. Ved sal av

Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen til frådrag i investeringskostnaden.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.01.2014

### Bakgrunn

2. mars 2013 handsama fylkestinget i sak 1/13 «Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-2025. Del 2; skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Hordaland fylke.»

I Sunnhordlandsregionen vart det mellom anna vedteke at dei to vidaregåande skulane i Bømlo kommune skulle bli slått saman til ein skule, lokalisert på Rubbestadneset. Den «nye» skulen på Rubbestadneset skal tilby utdanningsprogramma Service og samferdsel (SS), Studiespesialiserande (ST), Elektrofag (EL), Teknikk og industriell produksjon (TIP), Helse- og oppvekstfag (HO) og innføringskurs for minoritetsspråklege. Tilboda som Bømlo vidaregåande skule har i dag innan allmennfagleg påbygg (PÅ) og tilrettelagt opplæring (TO) skal overførast til Stord Saghaugen vgs.

Den nye skulen på Rubbestadneset skal etter vedtaket i skulebruksplanen ha plass til om lag 555 elevar.

Bygningsmessig vart det vedteke at «Blåbygget» og internatbygget ved Rubbestadneset vert fasa ut og erstatta med eit nytt og betre tilrettelagt bygg som tek høgde for utvida elevtal og kapasitetsauke. Bømlo kommune arbeider med planar for ny ungdomsskule på Bremnes. Kommunen tok i juni 2013 kontakt med Hordaland fylkeskommune med ønskje om ei avklaring på om Hordaland Fylkeskommune vil selje noverande Bømlo vidaregåande skule på Svortland og eventuelt når det vil skje.

I perioden juni til desember 2013 har det vore gjennomført førebunde samtalar med kommunen om ei eventuell overtaking av skulebygget på Svortland. Begge parter har i august/september henta inn takst. Dei to takstmenna har kome frem til ein marknadsverdi på om lag 25 mill. kr, dersom ombygging og utleige til eit anna føremål vert lagt til grunn. I fylkeskommunen sin takst er det også gjort ei vurdering av teknisk verdi/marknadsverdi for bygget i høve til å bygge nytt. Denne taksten er sett til 50 mill kr + tomteverdi.

Saka har vore drøfta i formannskapet i Bømlo kommune. Her tek kommunen utgangspunkt i kjøp til marknadspris på 25 mill. kr. Men partane er samde om at fylkeskommunen må innhente ei grundig tilstandsvurdering og vidare ei avklaring av framdrifta til ny skule på Rubbestadneset for å ha eit betre grunnlag for vidare forhandlingar om ein eventuell intensjonsavtale om sal av bygningsmassen på Svortland til Bømlo kommune.

### Kostnadsoverslag «ny» skule på Rubbestadneset

Tabellen under syner elevplasstalet på dei ulike utdanningsprogramma slik det er vedteke i skulebruksplanen.

| <b>Utdanningsprogram</b>                | <b>Elevplasstal</b> |
|---|---------------------|
| Elektrofag (EL)                         | 105                 |
| Helse og oppvekst (HO)                  | 90                  |
| Service og samferdsel (SS)              | 60                  |
| Teknikk og industriell produksjon (TIP) | 105                 |
| Studiespesialiserande (ST)              | 180                 |
| Innføringskurs minoriterspråklege       | 15                  |
| <b>Totalt</b>                           | <b>555</b>          |

Ved å ta utgangspunkt i ein ny skule med 555 elevar fordelt som vist i tabellen vil totalt brutto areal for skulen bli om lag 9.000 m<sup>2</sup>. Av eksisterande bygningsmasse kan vi i framtida nytte oss av TIP- og administrasjonsareala. Trongen for nybygg vert om lag 5.500 m<sup>2</sup>.

Total kalkulert kostnad er om lag 220 mill. kr. Ein del av trongen for nybygg er knytt til erstatningsareal for «Blåbygget». Dette er om lag 1.500 m<sup>2</sup> og 60 mill. kr. Meirkostnaden som følgje av eventuelt sal av Bømlo vidaregåande skule vert difor omlag 160 mill. kr. Ved sal av Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen frådrag.

## Tidshorisont

I skulebruksplanen er det lagt til grunn at planlegging av utbygging på Rubbestadneset tek til i perioden etter 2017. Ei investering knytt til Rubbestadnes vidaregåande skule ligg difor ikkje i langtidsbudsjettet for 2014-2017.

For at Bømlo kommune skal kunne nytte eigedomen som ein del av nye Bremnes ungdomsskule, er det tenkt ei ombygging/tilpassing av eksisterande bygg samt at det blir oppført eit tilbygg. Ved eit kjøp av eigedomen er tidlegaste tidspunkt Bømlo kommune kan sjå for seg at tilbygget er oppført og klårt for innflytting 2018. Bømlo kommune vil deretter kunne starte oppgraderinga av det «gamle» skulebygget. For å få dette til, må Hordaland fylkeskommune flytte ut av bygget hausten 2018, og ny vidaregåande skule på Rubbestadneset må også vere ferdig til same tid. Dette vil krevje at utbygginga på Rubbestadneset vert prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging må ta til hausten 2014.

Dersom det let seg gjere å prioritere utbygginga på Rubbestadneset fram i tid vil Bømlo kommune lage ferdig ei kostnadsvurdering som vil avklare om kjøp av eigedomen innan 1 august 2014.

## Konklusjon

Fylkesrådmannen er positiv til at skulebygget på Svortland får ein etterbruksverdi som ungdomsskule for Bømlo kommune. Fylkesrådmannen tilrår difor at utbygginga på Rubbestadneset vert prioritert fram i tid, og at planlegging av «ny» skule tek til hausten 2014. Det er ein førsetnad at partane innan denne tid er samde om salspris på skulebygget på Svortland. Det er fylkesrådmannen si meining at taksten på 50 mill kr som tek omsyn av teknisk verdi/marknadsverdi for bygget har større relevans for nytteverdien av bygget. Dersom partane vert samde om salspris, vil ei intensjonsavtale for sal av skulebygget kunne handsamast politisk før sommaren eventuelt tidleg på hausten 2014.